



Rapport frå forvaltningskontroll			
<b>Kommune:</b> Radøy		<b>Kontrolldato:</b> 03.04.2019	
<b>Saksnummer:</b>	<b>2019/8482</b>	<b>Rapportdato:</b>	<b>04.10.2019</b>
<b>Deltakrarar frå kommunen</b>	Øystein Hafnor Kolstad	<b>Deltakrarar frå Fylkesmannen:</b>	Silje Lyhammer, Kari Elsa des Bouvrie, Arild Spissøy, Helen Haaland
<b>Kontrollomfang</b>	<b>Tilskot til bevaringsverdige husdyrrasar - sau og geit i 2018</b>		

## 1. Samandrag

I kontrollen fann vi at det i Radøy kommune var 1 av 7 søkerarar av tilskot til bevaringsverdige husdyrrasar som ikkje kunne dokumentere at dyra oppfylt krava. Saka vert følgt opp og varsel om at tilskotet kan verte kravd tilbakebetalt og at avkorting vert vurdert er sendt ut.

I kontrollen såg vi at tilskot til bevaringsverdige husdyrrasar er ei ordning som treng oppfølging frå kommunen for å unngå feilutbetaling. Gjennom kontrollen har kommunen og søkerane fått betre kjennskap til regelverket, og risiko for feil utbetaling vert redusert.

Det vart ikkje funne avvik under kontrollen, men funne ein merknad.

### Merknad

**Kontrollen i Radøy kommune viser at det er behov for kontroll av og informasjon om ordninga Tilskot til bevaringsverdige husdyrrasar.**

*Merknad* er forhold som ikkje er i strid med krav, men der fylkesmannen finn grunn til å påpeike behov for forbetring/endring.

## 2. Grunnlag for kontrollen

Fylkesmannen har i risikobasert kontrollplan for 2019 vurdert tilskot til bevaringsverdige husdyrrasar, og då særleg sau og geit, som ei ordning der det er mogleg å motta urettmessig tilskot.

Kontrollen omfatta søknader om tilskot til bevaringsverdig sau og geit i produksjonstilskot i 2018. Tilskot til bevaringsverdige husdyrrasar har som føremål å støtte føretak med husdyr av desse rasane, sikre auka bruk og vern av landbruksavtalen sine genetiske ressursar og å auke populasjonen. Kva rasar som er omfatta av ordninga vert revidert årleg i Jordbruksavtalen.

I rundskriv 2018-31 Saksbehandlingsrutiner ved søknad om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket, står det i kapitel 6 Saksbehandling og kontroll , som ein generell regel at: «*Gjennom saksbehandling og kontroll skal forvaltingen påse at tilskudd utbetales i tråd med reglene i forskrift, jordbruksavtalen, og de bestemmelser og økonomiske rammer som Stortinget har fastsatt. Kontroll skal utføres i tråd med kravene i reglementet for økonomistyring i staten, punkt 6.3.8.»*

Det vert ikkje utført maskinelle kontrollar mot register av tal sau/geit av bevaringsverdig rase. Det set krav til at forvaltinga har kunnskap og er påpasselege i sakshandsamingsrutine. Gjennom risikobasert kontroll av søknadane må kommune kontrollere at dyra er innført i godkjent register med låst rasekode, jf. kap. 6.9 i Rundskriv 2018-31 Saksbehandlingsrutiner ved søknad om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket.

### **3. Heimel**

Fylkesmannen har det regionale ansvaret for at statlege midlar vert brukte og forvalta i samsvar med føresetnadene. Dette betyr at fylkesmannen kan gjennomføre kontroll med kommunen si tilskotsforvaltning, og då med utgangspunkt i *Reglement for økonomistyring i staten* av 01.01.06 § 15.

### **4. Gjennomføring av kontrollen**

Kontrollen vart gjennomført som ein dokumentkontroll. Kontrollen omfatta føretak som søkte om tilskot til bevaringsverdige sører (kode 722), verar (kode 723) og geiter (kode 724) i søknad om produksjonstilskot del 2, i oktober 2018. I brev datert 03.04.2019 bad vi kommunen sende oss dokumentasjon på at 7 føretak som hadde fått tilskot til sau eller geit av bevaringsverdig rase, hadde rett på dette tilskotet, jf § 10 i forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket.

Radøy kommune orienterte i brev 07.05.2019 om korleis dei gjennomførte undersøkinga og om sine funn. Vi mottok kopi av varsel til føretaket datert 26.08.2019.

### **5. Funn gjort i kontrollen**

#### *Merknad:*

Kontrollen i Radøy kommune viser at det er behov for kontroll av og informasjon om ordninga Tilskot til bevaringsverdige husdyrrasar.

#### *Praksis:*

Gjennom kontrollen kontakta kommunen 9 søkerar på ordninga, alle kom med tilbakemelding og leverte dokumentasjon. Eitt føretak kunne ikkje dokumentere at dyra var rasegodkjende, men opplyste at dei jobba med å få det til.

#### *Krav til forvaltinga:*

Det følgjer av forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket (forskrifta) § 3 at det kan gjevest tilskot for sau som er registrert med låst rasekode i Saukontrollen på teljedato 1. oktober. Det følgjer av jordbruksavtalen at det vert gjeve tilskot for sau fødd året før eller tidlegare. Rasane blæsa, dala, fuglestadbrogete, gammalnorsk spæl, grå trønder, ryggja og steigar er rekna for å vere bevaringsverdige.

*Vurdering:*

Det er berre nokre få sauerasar som har rett på dette tilskotet, men vi ser at det ein del føretak likevel søker om tilskotet sjølv om dyra ikkje oppfyller krava. Det er heller ikkje maskinelle kontrollar for dette tilskotet, det kan difor lett bli feil i utbetalinga dersom kommunen ikkje følgjer opp i sakshandsaminga. Denne ordninga set difor krav til at kommunen set seg inn i regelverket for ordninga og krev dokumentasjon frå søker når det er tvil. Dersom kommunen under saksbehandlinga er usikker på om opplysningane er rette, skal kommunen alltid krevje framlagt dokumentasjon frå søker. Kommunen kan også legge det inn som tema i ein risikobasert føretakskontroll.

*Korrigerande tiltak:*

Kommunen opplyser i brev 26.08.2019 at føretaket som ikkje kan dokumentere låst rasekode og som har fått utbetalte tilskot dei ikkje har rett på, har fått tilsendt varsel om omgjering av utbetalingsvedtaket. Dei får frist til å uttale seg i saka. Varslet inneholder informasjon om saka og dei rettslege vurderingar som vil vere avgjerande slik at søker kan svare på dette, jf. fvl § 16. Dersom omgjering av utbetalingsvedtaket slår fast at føretaket har fått tilskot dei ikkje har rett på, vil kommunen vurdere tilbakebetaling av tilskot. Førtaket var gitt frist for uttale til 09.09.2019.

Sakshandsamar-systemet eStil -PT viser at krav om tilbakebetaling av tilskot vart lagt inn i systemet 16.09.2019, men var endå ikkje attestert når kontrollrapporten var sendt ut.